

## **Storkurset er eit samarbeid mellom fylkeslaga i Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland og Telemark.**

I 2024 blir det Storkurs på *Strand Hotel Fevik* i Grimstad. Hotellet er eit av landets få gjenværande funkishotell og er oppussa til moderne standard på både soverom, konferansedel, restaurant og velværeavdeling.

Se elles hotellets heimeside for meir info om hotellet.

<http://www.strandhotelfevik.no>



### **Aust-Agder ungdomslag inviterer til følgende kurs:**

- Dans: - Gangar frå Tovdal
  - Dans: - Innføring i samdansane til NORDLEK2024
  - Dans: - Kurs for barn, men fokus på leik og dans
  - Handverk - Aust-Agder bunad – hårbånd, belte (dame)  
og sokkebånd (dame/herre)
  - Spel: - Hardingfele
  - Spel: - Samspel, for alle instrument
  - Spel: - Toradar
- Fagsamling for eigarar av organisasjonseigde kulturhus

## Gangar frå Tovdal

Tovdals-gangaren har vore tema på fleire kurs gjennom åra, men har vore lite bruka i dansemiljøet. Vi ynskjer oss at dansen skal få rotfeste i dansemiljøet igjen og Tragder (Dextra-rekrutteringsprosjekt som AAUL er medstiftar av) hadde eit godt besøkt kurs i dansen i 2022. Dansen er ei blanding av telegangar og Setesdalsgangar, der ein tvitrør slik som i Setesdals-gangaren samtidig som han har fleire tak frå telegangaren. Dette fordi Tovdal og Åmli var ei gjennomfartsåre og hadde besøk frå begge områdene.

Instruktør er Oddvar Ramse frå Tovdal. Oddvar har dansa i mange år og har eit nært forhold til både gangaren og springaren frå Tovdal.

## Samdansane til NORDLEK2024

Olaf Moen frå Akland. Har lang fartstid som folkedansinstruktør innan både runddans, turdans og bygdedans. Olaf har eit særskilt hjarte for lokale dansevariantar og jobbar mykje med å auke kunnskapen og interessa for dansetradisjonane på Agder. Driv også med vokal folkemusikk, både som lærar og utøvar.

I samband med NORDLEK2024 er det sett opp eit samdansprogram der alle dei nordiske landa og sjølvstyrte regionane har meldt inn sin eigen dans. Under storkurset blir det ei innføring i alle desse dansane, slik at de er betre rusta når de skal ha opplæring i desse dansane i dykkar eige lokallag. De er og hjarteleg velkomen til å kome på kurset berre for dykkar eigen del! Deltakarane bør ha grunnleggande ferdigheiter innan norsk runddans.



## Kurs for barn, med fokus på leik og dans

Synne Stray er 25 år gammel og er glad i både tradisjonshandverk og folkedans. Er det eit dansegolv med god musikk, så er Synne der! Hun oppdaga kor gøy det var å danse då ho begynte å studere på Rauland for 6 år sidan og har ikkje slutta å danse sidan.

Dette kurset passer for deg som er mellom 8 og 16 år.

Her er du velkommen om du har dansa før, eller om du er helt ny og nysgjerrig på kva folkedansen har å by på.

Du kommer til å lære nokre gøye dansar og leiker til hopp, sprett og god musikk.



## Handverk – Aust-Agder bunad

Jorun Aasbø er medlem i Gjerstad og Omegn Husflidlag og har mange års erfaring med å sy Aust-Agder bunad til både dame og herre.

Hun har også haldt fleire kurs i korleis lage mykje av tilbehøret til denne bunaden.

På Storkurset kan du velje mellom å lage:

- Hårband (dame)
- Bunadsbelte (dame)
- Sokkeband (dame/herre)



Du treng ingen forhandskunnskap for å delta på dette kurset. Man kan ha med eget utsyr eller kjøpe gjennom instruktør. Viss man ønskjer å ha med eget fargeval, så er det 2-tråds prydgarn frå Rauma som brukast. Elles holdar instruktør dei vanlegaste fargekombinasjonane.

Man rekkjer ikkje å ferdigstille arbeidet i løpet av kurset, men man får den nødvendige kunnskapen til å kunne jobbe vidare heime. Det er også moglegheit for oppfølging i etterkant av kurset.



Ta gjerne kontakt med Jorun på tlf. 41560894 for eventuelle spørsmål i forkant.

## Hardingfele

Årets kurslærer i hardingfele er Eivind Tanche-Larsen Knutsen. Han er 23 år og kjem frå Rysstad i Setesdal. Eivind har eit spesielt fokus på tradisjonen frå Setesdal og har gått i lære i mange år hos fleire lokale utøvarar derfrå.

Dette kurset er ein god anledning til å stifte nærmare kjennskap med tradisjonen frå Setesdal.




## Samspel

Åsmund Solberg er ein gitarist med bre erfaring frå mange ulike sjangrar. Han har vore spelemannsnominert i både folkemusikk og country, skrevet musikk for teaterforestillinger, kunstinstallasjonar og har arbeida med mange ulike artistar.

Folkemusikk, og særleg den frå Agder, er ein viktig grunnstein i alle Åsmund sine prosjekter. På kurset vil han arbeide med samspel og arrangering av folkemusikk.

*Me kommer til å lære oss nokre slåttar og melodiar, og utforske ulike måtar som vi kan spele dem saman på. Det blir også litt kursing i musikkteori og korleis det kan brukast på en måte som er relevant for oss. Generelt er målet å jamme, henge og nerde. Alle instrumenter er velkomne!*



## Toradar

Ingrid Sørheim frå Norheimsund i Hardanger er ein kløppar til å spela toradar og er ein ettertrakta instruktør og folkemusikar på Vestlandet. Ho har bachelor i utøvande folkemusikk frå Ole Bull Akademiet og har solid undervisningserfaring etter å ha lært opp born og vaksne i ei årrekkje.

No er ho distriktsmusikar på Voss og underviser i Kulturskulen/Toradarskulen, og er saman med Siri Nordgård og Steinar Odde del av eit raskt veksande toradarmiljø i regionen.



Med ein forkjærleik for lydarslåttar, lystige springarar frå Vestlandet og engelske jigs har ho spesialisert seg på å overføra hardingfele- og feleslåttar til durspelet. På kurset vil ho læra vekk dei mest populære låtane på Voss, og ha litt ekstra fokus på samspel og arrangering.

## Fagsamling for eigarar av organisasjonseigde kulturhus

Ynskjer du å styrke ditt lokale kulturbygg, treng du idear til aktivitetar og arrangement eller lurar du på kor du kan søke om midlar til huset ditt?

Då er dette samlinga for deg!

**Om innhaldet:** Å ha ein oppegående og velfungerande stad å utøve aktivitetar, er ein viktig faktor for utviklinga av lokalt kulturliv. Dei organisasjonseide kulturhusa er viktige inkluderingsarenaer med moglegheiter for eit mangfald av aktivitetar. Men skal huset vere attraktivt, så må det ha ein standard som gjer dei trivelege og formålstenlege og det må fyllast med innhald.

På fagsamlinga får du ein gjennomgang av formelle krav og forskrifter som gjeld organisasjonseigde kulturhus. Du får tips og informasjon aktivitetar og husøkonomi og du får hjelp til å finne finansieringskjeldene for både fysisk oppussingsarbeid og meir aktivitetsretta tiltak.

### **Målgruppe:**

Alle som er med å drifte eit organisasjonseigd kulturbygg (som grendehus, lagshus, ungdomshus, samfunnshus, bygdehus og bedehus).





## Program

- Tips og informasjon om aktivitetar og husøkonomi
- Søknadsskriving, tilskotsordningar og korleis utforme gode søknadar
- Brannvern og utarbeiding av gode rutinar for drift av huset

Ansvarleg for samlinga er Christoffer Knagenhjelm. Han er tilsett som rådgjevar for politikk og kulturhus i Noregs Ungdomslag med ansvar for prosjektet Huset i Bygda. Han er utdanna arkeolog og har jobba med kulturminnevern og restaurering av bygg i ein årrekke.

Har du spørsmål om kurset kan du ta kontakt med:

Christoffer Knagenhjelm: Tlf. 48 00 48 17, e-post: [christoffer@ungdomslag](mailto:christoffer@ungdomslag)

## Timeplan

<b>Fredag:</b>	Kl. 18:00 – 20:00	Frammøte og mat
	Kl. 20:00	Konsert med <i>Flottorp/Solberg</i> etterfølgt av dans og sosialt samvær
<b>Laurdag:</b>	Kl. 09:00 – 12:30	Kurs
	Kl. 12:30 – 13:30	Lunsj
	Kl. 13:30 – 17:00	Kurs
	Kl. 18:30	Middag etterfølgt av konsert med <i>lokale utøvarar</i> og dans.
<b>Søndag:</b>	Kl. 09:00 – 12:30	Kurs
	Kl. 12:30	Lunsj og avreise



Alle kursa startar laurdag kl. 09:00 og er ferdige søndag til kl. 12:30.

	<b>Tovdal</b>	<b>NORDLEK2024</b>
--	---------------	--------------------

**Laurdag**

09:00 - 12:30		Kurs
13:30 - 17:00	Kurs	

**Søndag**

09:00 - 12:30		Kurs
---------------	--	------

Unntaket er kurset i Tovdalsgangaren som berre er laurdag 13:30 - 17:00.

## Prisar

### **Helgepass - NU-medlem**

**kr. 1190,-**

Deltaking på Storkurs laurdag og søndag for medlemmar i Noregs Ungdomslag.  
Inkludert lunsj laurdag og søndag, og dansefest laurdag kveld.

### **Helgepass - andre**

**kr. 1500,-**

Deltaking på Storkurs laurdag og søndag for deg som ikkje er medlem i Noregs Ungdomslag.  
Inkludert lunsj laurdag og søndag, og dansefest laurdag kveld.

### **Helgepass - under 26 år**

**kr. 700,-**

Deltaking på Storkurs laurdag og søndag for deg som er under 26 år gamal.  
Inkludert lunsj laurdag og søndag, og dansefest laurdag kveld.

### **Dagspass - NU-medlem**

**kr. 595,-**

Deltaking på berre ein dag (laurdag eller søndag) for medlemmar i Noregs Ungdomslag.  
Inkludert lunsj ein dag, og dansefest laurdag kveld.

### **Dagspass - andre**

**kr. 750,-**

Deltaking på berre ein dag (laurdag eller søndag) for deg som





ikkje er medlem i Noregs Ungdomslag.  
Inkludert lunsj ein dag, og dansefest laurdag kveld.

**Dagspass - under 26 år** **kr. 350,-**

Deltaking på Storkurs laurdag og søndag for deg som er under 26 år gamal.

Inkludert lunsj ein dag, og dansefest laurdag kveld.

## **Tillegg**

**Fredag kveld** **kr. 200,-**

Konsert, dans og sosialt samvær fredag kveld.

Samme pris for NU-medlem/andre.

Ikkje inkludert i deltakaravgifta.

**Dansefest laurdag** **kr. 300,-**

Konsert og dansefest laurdag kveld.

Samme pris for NU-medlem/andre.

(Ikkje for kursdeltakare – allereie inkludert i deltakaravgifta)

**Overnatting** (pris pr. døgn)

Enkeltrom: **kr. 1095,-**

Dobbelrom: **kr. 1490,-**

3-sengsrom: **kr. 1885,-** (dobbeltseng + enkel sovesofa)

4-sengsrom: **kr. 2280,-** (dobbeltseng + dobbel sovesofa)

Prisen inkluderer frukost og inngang til velværeavdelinga.

## **Mat**

Fredag: Varmmat med dessert **kr. 495,-**

Laurdag: 2-retters festmiddag laurdag **kr. 595,-**



(Evt. drikke i tillegg kjøpast direkte frå hotellet)

Lunsj laurdag og søndag er inkludert i deltakaravgifta. I løpet av kursdagane serverast det også lett møtemat undervegs.

## **Korleis komme seg til hotellet**

Adresse til Strand Hotel Fevik er: **Nedre Hausland 80, 4870 FEVIK**

### **Bil, vestfrå:**

Ta av E18 ved kryss nr. 78 og sving til venstre i rundkøyringa inn på riksveg 420 mot Fevik. Kjør i 3,4 km.

Hotellet ligger då på høgre side av veggen.

### **Bil, austfrå:**

Ta av E18 ved kryss nr. 76 og følg riksveg 420 mot Fevik.

Kjør i 6 km. Hotellet ligger då på venstre side av veggen.

Alternativt fortsett på E18 til kryss nr. 78 som forklart over.

### **Tog og buss**

Nærmaste jernbanestasjonar er Arendal i aust og Kristiansand i vest. Videre reise derfrå med kollektivt skjer med buss.

Frå Kristiansand rutebilstasjon 7 går **linje 100 mot Arendal** forbi hotellet.

Frå Arendal bussterminal G går linje **100 mot Kristiansand** og **linje 101 mot Grimstad** forbi hotellet.

Nærmaste busstopp til hotellet er "Strandsvingen".

Derfrå er det omtrent 80 meter å gå til resepsjonen.



## PÅMELDING

Påmelding til kurs samt bestilling av mat og overnatting skjer ved å trykke her:

<https://app.checkin.no/event/65649/storkurs>

Då kjem dykk direkte inn i påmeldingssystemet  
Checkin der alle detaljar leggest inn.  
Betaling gjerast i slutten av skjemaet.

Ved spørsmål kontakt:

Torgeir T. Fiane

på e-post: [torgeir.tf@hotmail.com](mailto:torgeir.tf@hotmail.com)

Vel møtt til Storkurs på Strand hotell.  
Me gleder oss til å sjå dykk!

